



Dei som driv med turisme/reiseliv i Uskedalen har truleg hatt ein bra sesong, men det skal dei rapportera nærmare om i møtet på måndag. Her er eit par frå Berlin som fall for Uskedalen.. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen tek den føreståande skipinga av eit nytt reiselivslag i Kvinnherad på sparket, opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal til uskedalen.no.

Rådmann Trond Sætereng har innkalla dei fleste som driv med nokon form for turisme i kommunen til møte om saka neste onsdag i rådhuset. Men allereie måndag vil Uskedalen Utvikling drøfta ho i det første møtet i Dialogforumet etter ferien. Møtet blir halde i Gamleskulen.

Det var uskedelingen Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) som i formannskapet kom med framlegg om eit nytt reiselivslag og som fekk det vedteke med knappast mogeleg fleirtal. Myklebust vil vera til stades under møtet i Gamleskulen og der ønskjer ein svar på desse spørsmåla:

- Kva nytte og interesse kan Uskedalen ha av eit nyskipa reiselivslag?
- Korleis bør vi markera oss i høve til prioriterte arbeidsoppgåver i Kvinnherad Reiselivslag.

Ellers vil dette møtet naturleg nok arte seg som ein oppsummering av sesongen og difor er det viktig at aktørane/næringsdrivenade innan turisme og rreiseliv møter fram og fortel om drifta denne sommaren. Det gjeld i særleg grad Vertshuset, Øyro Marina, Uskedalen Båtlag, Rabben Feriesenter, SPAR-butikken, Solheim Turiststasjon , Dønhaug Gjestegard, Friheim Gardsmat, uskedalen.no og turgruppa i idrettslaget. Dei sentrale spørsmål er:

- * Kva har fungert godt?
- * Kva bør gjerast annleis neste sommar?

Plan for vidare arbeid i Dialogforumet utover hausten skal drøftast. Her vil det mellom anna bli aktuelt med ein studietur til Åkra fjorden Oppleving ,som kan stå som eit døme på kva ein kan få til i eit lite bygdesamfunn.

Av Ola Matti Mathisen